

29.10.2021

Fedje kommune

Rådmannen sitt framlegg til
kommunebudsjett 2022 og
økonomiplan 2022-2025

Innhald

1. Rådmannen si innleiing	2
1.1. Politisk styring.....	3
1.2. Administrativ styring.....	4
2. Bakgrunn for budsjettframlegget	4
2.1 Økonomiske føresetnader	4
2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst.....	4
2.2. Økonomisk utvikling på Fedje	5
2.2 Kommunale planføresetnader	5
2.2.1 Kommunal planstrategi.....	5
2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram	8
2.3 Demografi	9
2.3.1 Folketalsutvikling	9
2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling.....	10
2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år	11
3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett	12
3.1 Driftsbudsjett 2022	12
3.2 Investeringsbudsjett 2022	14
4. Visjon og mål	17
4.1 Overordna mål for perioden 2022 - 2025	17
4.2 Tenestemål og styringsmål	17
<i>Ansvar 1000 Rådmann</i>	17
<i>Ansvar 1100 Kulturtenester</i>	21
<i>Ansvar 2000 Levekår</i>	23
<i>Ansvar 2100 Fedje skule</i>	24
<i>Ansvar 2200 Fedje barnehage</i>	27
<i>Ansvar 2300 Pleie og omsorg</i>	29
<i>Ansvar 2500 Legetenester</i>	31
<i>Ansvar 2600 Sosialtenester</i>	32
<i>Ansvar 3000 Teknisk kontor</i>	33
<i>Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg</i>	35
<i>Ansvar 4000 Finansiering</i>	36
5. Økonomiplan 2022-2025	37

1. Rådmannen si innleiing

Det siste året med korona-pandemi har vore annleis enn det me har vore vant med. Sjølv om Fedje kommune ikkje har hatt mange smitta, så har smitteverntiltak likevel påverka våre liv. I 2022 ønskjer me å legge det meste av dette bak oss. Pandemien vil nok likevel prega oss i lang tid framover, både negativt og positivt. Det positive er at bruken av videomøter har auka, noko som kan gjere det lettare å drive verksemd frå landsbyen i havet. Meir bruk av videomøter og digitale plattformer gjer at det i mindre grad spelar noko rolle kvar me held til. Det er ikkje mange kommunar igjen som har dei same unike kvalitetane som Fedje. Kanskje kan utviklinga, med auka digitalisering, føre til at arbeid som i utgangspunktet er lokalisert andre stader i landet kan utførast på Fedje? For at Fedje i framtida skal vere ein levande landsby i havet, der alle skal kunne leve gode og meningsfylte liv, er interessante og godt betalte arbeidsplassar eit viktig fundament.

Fedje kommune sa nei til planane om havvind. No er det viktig å sjå framover, og utvikle andre næringar som kan gje arbeidsplassar og inntekter til kommunen.

Fiskeoppdrett og sjømatproduksjon er områder der Fedje har naturgitte føresetnader. Desse kan utviklast vidare, og gje både fleire arbeidsplassar og millioninntekter kvart år. Her har Kystverket vist seg å vere eit hinder for utvikling av nye oppdrett.

I tillegg til eit breitt og godt arbeidstilbod er gode og trygge bu- og oppvekstvilkår, gode kommunale tenester, eit rikt kultur- og lagsliv og unike fritidsopplevingar viktig for å ta vare på det som gjer Fedje til ein særprega kommune.

Budsjett 2022 og økonomiplan 2022 til 2025 er eit stramt, men realistisk dokument for tenesteproduksjonen i Fedje kommune. Svak auke i overføringar frå staten gjer at det er vanskeleg å finne rom for nye satsingar.

Budsjettet 2022 får eit netto driftsresultat på kr 433 000,-. Dette er langt mindre overskot enn det KS rår til at kommunane skal ha. I tillegg budsjetterer Fedje kommune med "inntekter" frå negativt premieavvik, noko som i framtidige budsjett også kan gå i minus. Budsjettet for 2022 burde difor ha tatt høgde for det i form av eit langt større overskot. På den andre sida er det mogeleg å håpe at budsjettet til den nye regjeringa og forhandlingane i Stortinget vil gje positive utslag for kommunar som Fedje.

Utsiktene etter 2023 er også krevjande. Dette gjer at rådmannen i prosessen for budsjettet 2022 har vurdert å foreslå innføring av eigedomsskatt på næring, samt hytter og hus i Fedje kommune. Etter ei totalvurdering vert dette i denne omgang likevel ikkje føreslått no. Politisk leiing bør vere førebudd på at eigedomsskatt kan igjen verte eit tema når 2023 budsjettet skal utarbeidast.

Den største utfordringa som Fedje står overfor er som kjent utviklinga i folketalet. Ved utgangen av 2. kvartal 2021 var det registrert 521 innbyggjarar i Fedje kommune. Problemet med synkende folketal er at inntektene til kommunen då også går ned, samstundes som det for eksempel både på skule, barnehage og administrasjon er krevjande å redusera tal tilsette tilsvarande.

Ein viktig nøkkel for å få til ei positiv utvikling er som nemnt å få nye bedrifter til å etablere seg på Fedje, og å få til ei positiv utvikling av eksisterande bedrifter. Fedje kommune er ikkje i ein posisjon der me kan velje og vrake mellom bedrifter som ønskjer å skape aktivitet og nye arbeidsplassar. Vår oppgåve vert derfor å leggje best mogleg til rette for alle, både eksisterande og nye bedrifter.

Me må i dette arbeidet nytta smådriftsfordelar som raske og korte prosesser. Dette kan gjere Fedje attraktiv for dei som ønskjer å satsa i vår kommune. I tillegg må me framheva naturgitte fortrinn. Dersom me lukkast, kan nye arbeidsplassar bli skapt og folketalet igjen auke. Skal Fedje kommune bestå som eigen kommune på lang sikt så bør me ikkje verte færre enn me er i dag.



1.1. Politisk styring

Kommunestyret har 15 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 6, Arbeidarpartiet 6 og Framstegspartiet 3. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Bjørn Kåre Solbakk, FrP, er varaordførar i valperioden.

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar overordna saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.


Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Ungdomsrådet

Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemndenemnda fungerer gjennom heile valperioden.

Fedje kommune har i denne fireårsperioden ordførar tilsvarande 90% stilling og varaordførar tilsvarande 20% stilling. I tillegg har alle, unntatt ordførar, tidlegare hatt godtgjersle for møte i kommunale organ.




1.2. Administrativ styring

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

Administrativt organisasjonskart pr. 19.10.2021:



2. Bakgrunn for budsjettframlegget

Dette budsjettframlegget byggjer på lover og forskrifter, gjeldande økonomiplan, utviklinga så langt i 2021, utsiktene vidare og regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett 2022. På grunn av regjeringsskifte er det varsla ein tilleggspolisjon som vert lagt fram etter at dette budsjettframlegget er sendt politisk leing i Fedje kommune for handsaming og vedtak. Det kan derfor kome endringar i forutsetningane etter at rådmannen har sendt dokumentet vidare, men mest truleg vert desse endringane til det betre for Fedje kommune.

2.1 Økonomiske føresetnadar

I budsjettforutsetningane er det lagt til grunn ei lønsauke på ca 3%, noko som også samsvarar godt med dei nasjonale føringane. Når det gjeld den generelle prisveksten vil dette truleg slå ulikt ut for ulike delar av Fedje kommune og dette er også forsøkt reflektert i framlegget til kommunebudsjett 2022.

2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst.

Sum pårekna frie inntekter er Kr 59 732 000,- noko som er ein auke på 0,7% frå 2021 til 2022. Dette er 0,7% lågare enn snittet blant kommunane i Vestland fylke og 0,8% lågare enn landsgjennomsnittet. Den svake inntektsutviklinga for Fedje kommune skuldast hovudsakleg negativ endring i folketal det siste året. Av overføringane utgjer distriktstilskot S-Norge og småkommunetillegg kr 6 034 000,-.

Den samla pris- og kostnadsveksten – kommunal deflator – er i framlegget 2,5 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 3,2 prosent
- Varer og tenester 1,6 prosent
- Samla prisvekst 2,5 prosent

2.2. Økonomisk utvikling på Fedje

Den økonomiske utviklinga har nær samanheng med folketalsutviklinga i kommunen. Når det vert færre innbyggjarar i kommunen vil også overføringar frå Staten og skatteinntekter gå ned. Det gjer at kommunen må redusere tal tilsette, noko som igjen kan medføra at det vert færre innbyggjarar i kommunen. For å greie å snu dette bør ein få på plass nye verksemder som både gjer arbeidsplassar og inntekter til kommunen. Både politisk leiing og administrasjonen må jobba målretta framover for å leggja best mogeleg til rette for å få til ei positiv utvikling her.

2.2 Kommunale planføresetnader

Kommunen si rolle i næringsarbeidet er å setje rammer for marknadsaktørane, gjennom å leggje dei lange linene og fastsette ønska utviklingstrekk. Det må utarbeidast langsiktige målsetnader, som vert nedfelt i strategiar. Desse har ein naturleg plass i samfunns- og arealdelen i kommuneplanen, samt anna kommunalt planarbeid.

Kommunal planlegging må vere tilpassa den konteksten den skal utførast i. Slik skal planlegginga vere tilpasningsdyktig, fleksibel og effektiv. Planlegginga skal gje retning til samfunnsutviklinga. Det er difor viktig at planarbeidet på Fedje tek utgangspunkt i dei utfordringane me har lokalt, utan å setje rammer som hemmar ønska utvikling.

Fedje kommune er kjent med Søsterselskapet AS har planar om å bygge hotell med meir i Vidnappen. Prosjektet har behov for eit område på om lag 100 mål. Fedje kommune vil følgja utviklinga i denne saka tett og sikre at nødvendige plantekniske steg vert gjennomført på ein god måte frå kommunen si side.

2.2.1 Kommunal planstrategi

Planstrategi for inneverande periode vart vedteken av kommunestyret 30.04.2020 (k-sak 022/20). I budsjett- og økonomiplanarbeidet har rådmannen vurdert tiltakslistene i dei ulike vedtekne planane. Den kommunale planstrategien skal m.a. fortelja kva planar kommunestyret ønskjer å få ferdigstilt/utarbeidd/revidert og vedteke i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane gjennom ein fireårsperiode, ut frå kva kommunestyret ønskjer av arealutnytting og ein styrt retning av den lokale samfunnsutviklinga. Noverande planstrategi gjeld til 2024.

Statatus planarbeid hausten 2021:

Type plan	Kommentar	Merknad
Samfunnsdelen til kommuneplanen		
Folkehelse	Mål og strategiar inn i Kommuneplanen. Skal oppdaterast i samsvar med vedteken planstrategi – K-sak 022/20	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Temaplanar		
Helse- og omsorgsplan	Planprogram vart vedteke 12.03.2020. Starte opp sjølv planarbeidet i 2022.	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Oppvekstplan	Behov for plan om framtida med færre barn. Arbeidet stoppa opp i 2018. Siste aktivitet – F-sak 036/17	Ansvar: Rektor og styrar bhg
Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland	Starta haust 2020. Arbeidet med den interkommunale planen vert vidareført i 2022	Vedtak om deltaking – k-sak 055/20 Ansvar: Samfunnsplanleggar
Reiseliv (Næringsplan)	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess.	Arbeidet vert teke omsyn til ved vidare planlegging.
Sentrumsplan	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess.	Ansvar: Rådmann
Trafikksikringsplan	Denne planen var knytt til Nordhordlandspakka, som er vedteke. K-sak 023/04 vedteken 21.02.2003. Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og kronglete. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken. Byggefeltet i Torvhaugane kan til dømes føra til at vegen til Vestkanten i større grad enn i dag vert ein skuleveg. (Frå vedteken planstrategi)	Tiltak vert gjennomført. Viser til Nordhordlandspakka. Ansvar: Teknisk sjef.

Idrett og friluftsliv	Temaplan for idrett- og friluftsliv 2021-2022 for Fedje kommune. K-sak 078/20 vedteken 10.12.2020.	Ansvar: Samfunnsplanleggar
Kulturminneplan	Kulturminneplan for Fedje kommune vart vedteken utan handlingsplan i 2020. Handlingsdelen vart vedteken i kommunestyret 22.04.2021 K-sak 028/21	Ansvar: Leiar fellestenester
Plan for rehabilitering, habilitering og koordinerande eining	Naturleg at denne kjem etter helse- og omsorgsplane(sjå over)	Ansvar: Fysioterapeut
Pandemiplan	Vedteken i kommunestyret 10.12.2020. K-sak 085/20	Ansvar: Smittevernlege
Planar forankra i lov, forskrift og avtale		
Rusplan / Alkoholpolitisk plan	Fullført. Vedtatt i kommunestyret 11/6-20	Ansvar: Leiar fellestenester.
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	Bør rullerast i 2022.	Ansvar: Teknisk sjef og rådmann.
Folkehelseoversikt	Utarbeidd i 2017.	Ansvar: Rådmann
Personalplan.	Fullført. K-sak 052/20	Ansvar: Personalsjef

2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheitsanalyse der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur mv. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.


Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møte utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som t.d. arealbruk, friluftsområde, strandsone, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging i kommunen skal byggja på.



2.3 Demografi

Det er først og fremst barn og unge voksne det er blitt færre av i Fedje kommune dei siste åra. Dette er ei liknande utvikling som mange andre distriktskommunar har hatt. Under viser alderssamansetjinga av innbyggjarane i pr 2. kvartal 2021:




2.3.1 Folketalsutvikling

Fedje kommune sin største utfordring er folketalsutviklinga som i mange år har gått feil veg. For 2020 gjekk folketallet ned med 23 personar. Utviklinga var slik:



For at Fedje kommune skal ha ei framtid som eigen sjølvstendig kommune er det heilt avgjerande at denne negative utviklinga stansar opp og snur til ei positiv utvikling innan få år. Korleis ein skal få dette til er noko som politisk leiing og administrativ leiing er nødt til å bruke sin hovudfokus på framover. Dersom ein ikkje lukkast her vil mykje av dei andre planane ein jobbar med vere bortkasta.



(Alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; ssb.no. For fleire tal om Fedje kommune i dag, sjå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>) Tala er pr 2. kvartal kvart år.

2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling

Tabellen syner faktiske tal og framskriving av barnetal i barnehage- og skulealder for Fedje kommune i åra 2022-2025. Utan ei auke i tilflyttinga vil barnetalet i barnehage og skule halde fram med å gå ned, og ein vil måtte vurdere ei anna organisering av sektoren.

Aldersgrupper	2021	2022	2023	2025
0-4 år pr. 01.01	19	21	20	21
5-11 år pr 01.01	39	38	39	32
12-15 pr. 01.01	18	15	14	18
Samla barnehage- og grunnskulealder	76	74	73	71

Dei føregåande tre skuleåra har nedgangen i elevtalet ved Fedje skule vore svært stor. I 2018 var det 76 elevar ved skulen, og i år har vi 57 elevar. Utviklinga dei neste åra syner at nedgangen i elevtalet vil halde fram, men ikkje i same tempo som dei føregåande åra. Oversikta syner at prognosa over tal elevar er noko meir stabil enn tidlegare:

	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26
1.-4.klasse	26	20	20	18	16
5.-7.klasse	13	18	19	19	18
8.-10.klasse	18	15	14	13	18
Sum grunnskulen	57	53	53	50	52

Ser ein på befolkningsframskrivinga i SSB sine statistikkar vil ein kunne forvente at elevtalet stabiliserar seg på om lag 50 elevar ved Fedje skule dei neste 10 åra.

Då tala er så små som dei er, vil ein ikkje kunne stole på at statistikken syner kva som skjer i røynda. Sett i samanheng med tempoet i fråflyttinga dei seinare åra, er nok faren for at me hamnar under 50 elevar ei reell problemstilling.




2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år

Medan folketalsutviklinga samla i mange år har vore negativ har den vore nokså stabil for aldersgruppa 65+. Prognosane frå SSP tyder på at talet for aldersgruppa 65+ vil auke i åra som kjem, dette gjeld også dei aller eldste. I 2001 var det berre 3 personar over 90 år, medan talet på dei over 90 år i dag, 20 år seinare, er 13. Dette er ei utvikling som me skal gleda oss over og som me kan leggja til grunn vil fortsetja i åra framover. Dette betyr at ei god eldreomsorg vil vere minst like viktig i åra som kjem, som den er i dag.

3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett

3.1 Driftsbudsjett 2022



		K. vedtak 2022	Budsjett 2021
1000	Rådmann	11 528	11 008
1100	Kulturtenester	1 633	1 480
2000	Levekår	2 013	2 086
2100	Fedje skule	12 967	12 650
2200	Fedje barnehage	3 455	3 318
2300	Pleie og omsorg	18 731	17 637
2500	Legetenester	5 347	5 206
2600	Sosialtenester	2 517	2 456
3000	Teknisk kontor	2 274	2 617
3100	Kommunale bygg og anlegg	5 922	5 434

	K vedtak 2022	Budsjett 2021
Driftsinntekter		
1 Rammetilskudd	44 792	41 803
2 Inntekts- og formuesskatt	15 892	17 425
3 Eiendomsskatt	2 200	2 200
4 Andre skatteinntekter	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	1 110	1 350
6 Overføringer og tilskudd fra andre	3 657	3 238
7 Brukerbetalinger	3 084	2 316
8 Salgs- og leieinntekter	7 449	6 911
9 Sum driftsinntekter	78 184	75 243
Driftsutgifter		
10 Lønnsutgifter	44 627	40 794
11 Sosiale utgifter	10 798	10 063
12 Kjøp av varer og tjenester	18 048	18 947
13 Overføringer og tilskudd til andre	3 725	3 597
14 Avskrivninger	3 859	3 886
15 Sum driftsutgifter	81 057	77 287
16 Brutto driftsresultat	-2 873	-2 044
Finansinntekter		
17 Renteinntekter	290	400
18 Utbytter	1 000	550
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0
20 Renteutgifter	530	830
21 Avdrag på lån	1 300	1 445
22 Netto finansutgifter	-540	-1 325
23 Motpost avskrivninger	3 859	3 886
24 Netto driftsresultat	446	517
	0,57 %	0,69 %
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:		
25 Overføring til investering	-496	-897
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	0	330
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	50	50
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	-446	-517
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk	0	0

3.2 Investeringsbudsjett 2022

	Budsjett 2022	Budsjett 2021
Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)		
1 Investeringer i varige driftsmidler	4 950	2 120
2 Tilskudd til andres investeringer	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	210	240
4 Utlån av egne midler	0	0
5 Avdrag på lån	310	255
<i>6 Sum investeringsutgifter</i>	<i>5 470</i>	<i>2 615</i>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	850	320
8 Tilskudd fra andre	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	220	130
13 Bruk av lån	2 000	1 000
<i>14 Sum investeringsinntekter</i>	<i>3 070</i>	<i>1 450</i>
15 Videreutlån	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	0	0
20 Overføring fra drift	496	897
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne inve	1 904	268
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet inv	0	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0
<i>24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</i>	<i>2 400</i>	<i>1 165</i>
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	0	0


Investeringar i 2021 var: Ny papp på tak sjukeheimen, Tømmeanlegg for bubilar, Pumpestasjon for kloakk på Kopper og Planlegging av utviding av kyrkjegarden på Kopper, Ny papp på tak sjukeheimen er ikkje gjennomført. Teknisk har hatt to førespurnader ute, men prisene er høge. Prøver på nytt i 2022.

Tømmeanlegg for bubilar er ferdig.

Pumpestasjon for kloakk på Kopper er ikkje gjennomført.

Planlegging av utviding av kyrkjegarden på Kopper er i rute. Forprosjekt er sendt fellesrådet.

Tiltak	Kostnader inkl. mva*	står og på budsjettet i 2020	Prosjektnr.
Administrasjon			
Eigenkapitaltilskot KLP	210		120005
Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad			
Avdrag etableringslån	310		283005
Institusjonslokaler			
Ny papp på taket på sjukeheimen	500		261005
Fornyng av ytterdør legekantor	200		261007
Fedje helsetun	500		261008
Legekantor			
Utstyr	100		233003
Turløype			
Etter vedtak i kommunestyret	1700		360005
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn			
Pumpestasjon for kloakk på Kopper	700	også i 18,19, 20, 21	353001
Kyrkjegard			
Utviding av kyrkjegarden på Kopper	1.000		393003
Fleirbrukshallen			
Oppgradering av bowlingbane	250		381200
SUM	5.470		



Sjukeheimen, Ny papp på taket :

Sjukeheimen fekk ny papp på taket i 2008. Det vart då lagt same type papp som var på klasseromsfløyen til nye-skulen fram til 2018. Her vart det store lekkasjar i 2018. Takpappen på sjukeheimen er tydeleg slitt.

Fornyng av ytterdør legekantor :

Ytterdøra har høg terskel. Eksisterande dør er frå 1974 då sjukeheimen var ny. Døra bør ha automatisk opning.

Venterom legekantor :

Oppussing over driftsbudsjettet.

4. Visjon og mål

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for Fedjesamfunnet:

«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»

Landsbyen i havet er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.

4.1 Overordna mål for perioden 2022 - 2025

Folketalsutviklinga har utvikla seg negativt det siste året og er 2. kvartal 2020 på 521 personar. Tala i barnehage og skule går også tilbake. Tiltak for å få opp folketalet dei neste åra må derfor ha høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt tiltak for å halda på og få fleire barnefamiljar til Fedje. I tillegg til gode levekår samt god og stabil ferjedrift er fleire og varierte arbeidsplassar nøkkelen til å få folketalsutviklinga i positiv retning. Her må kommunen dra nytte av smådriftsfordelar som raske og korte slutningsprosessar for å gjera kommunen mest mogeleg attraktiv for alle som ønskjer å skapa nye arbeidsplassar i Fedje kommune. I tillegg til dette er også utsiktene for Fedje kommune sin økonomi dårlege, noko som igjen gjer det krevjande å planleggja nødvendige investeringar i åra framover.

- Auke folketalet
- Leggje best mogeleg til rette for nye arbeidsplassar
- Kontinuerleg arbeide for betra levekår for alle
- Sikre god og stabil ferjedrift og gode kommunikasjonar
- Betra framtidsutsiktene for Fedje kommune sin økonomi

4.2 Tenestemål og styringsmål

Ansvar 1000 Rådmann

Rådmannen har det overordna administrative ansvaret for at kommunen til ei kvart tid er hensiktsmessig organisert og at dei avgrensa midlar ein har til rådvelde vert godt utnytta. Dette er eit evigvarande arbeid som aldri vert ferdig. Det som var godt nok "i går" vil truleg ikkje vere godt nok "i morgon". Ny teknologi og nye løysingar må her takast i bruk slik at ein kan vidareutvikla ein stabil og framtidsretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane. Det er ikkje budsjettert med endringar av tal tilsette frå 2021 til 2022. Endring i budsjett 2022 samanlikna med budsjett 2021 skuldast hovudsakleg endringar i premieavvik.

Teneste 1000 politisk styring

I 2021 vedtok kommunestyret å ikkje gje møtegodtgjersle, og at varaordførar skulle gå ned 4 % i godtgjersle for eit år. (K 107/20). Det er i dette framlegget budsjettert med utgifter til møtegodtgjersle i 2022 på same nivå som i 2020.

Tapt arbeidsgodtgjersle vert kompensert etter vedtekne retningslinjer.

Kommunestyret har ein dag att i KS' folkevaldprogram som vert dekkja av KS.

Teneste 1201 Personalavdeling og 1204 Oppfølging av personalplan

Tenestemål 2022

- E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling
- Vidare styrking av fagleg kompetanse på personal – både på personalavdeling og blant personalleiarane

Tenestemål 2022-2025

- Fedje kommune skal vere ein god, stabil og langsiktig arbeidsgjevar
- Fedje kommune har fire mål i arbeidsgjevarpolitikken: Kompetanse, å gjera oss stolte av eigen arbeidsplass, heilskapleg tenking og samhald. Konkretisering av mål og tiltak finst i personalplanen.

Ingen større endringar i 2022. Til saman 1 årsverk. Teneste 1204 inneheld bl.a. julebord og gåver til tilsette ved jubileum, felles kursing mm.

Interkommunale samarbeid:

Opplæringskontoret for Nordhordland. Hjelper oss med oppfølging og det juridiske rundt lærlingar. Veldreve kontor som vert finansiert av delar av lærlingtilskotet frå fylkeskommunen.

Teneste 1202 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønskantor, rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 1,8 årsverk fordelt på 2 stillingar. Dette består av 80 % stilling som kontormedarbeidar og 100 % årsverk økonomisjef/leiar reinhald.

Grunna oppgåver innan IKT er løna til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Styring og personalleiing av reinhaldarane i Fedje kommune er også lagt under økonomisjefen. Her er det til saman 3 årsverk fordelt på 5 stillingar. Utgiftene til reinhald vert belasta dei tenestene kor reinhaldstenestene vert utført. Frå og med 2021 skal dette også gjelde skule og barnehage, der det fram til no har vert lagt til drifta og ikkje sjølve bygget som i resten av kommunen.

Frå og med 01.01.2019 vart alle oppgåver NAV kontoret på Fedje handterte innan Husbanken sin lån- og stønadsordningar, overført til økonomisjefen. Oppgåvene består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad.

Denne oppgåva er delegert vidare til koordinerande eining etter rullering av delegeringsreglementet i kommunestyresak 066/20. Denne oppgåva vert no ført tilbake til økonomikontoret.

Tenestemål 2021

- Få bemanning på plass på avdelinga igjen
- Etablere bindande samarbeid med økonomiavdeling i andre kommunar

Tenestemål for 2021-2024

- Framleis levere stabile og langsiktige tenester
- Halda på den kompetansen som mange år med erfaring og samarbeid har gjeve

Teneste 1203 Fellestenester

Tenestemål 2022

- Arbeide med meir effektiv bruk av Websak i organisasjonen
- Ta løysingane i Office 365 i full bruk i heile organisasjonen
- Overta legetenesta sitt arkiv og inkorporere ny legeteneste i fellesløysingar

Tenestemål 2022-2025

- Halde på det gode kompetansenivået på fellestenester
- Best i landet på sørvis
- Innlevere alle papirarkiv til depot

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 2 årsverk frå 01.01.21, samt 0,3 årsverk nytta på kulturadministrasjon (ansvar 1100) og 0,2 årsverk på kommunikasjon. Me opplever at dette er i minste laget for å dekke lovpålagte oppgåver og ansvar, fordi nasjonale krav aukar og samstundes som det er svært vanskeleg å få tak i vikar ved fråvær pga. svært spesialiserte oppgåver og kompetanse.

Krava til arkiv og arkivkompetanse er aukande. Samstundes har Fedje kommune, som alle andre kommunar, gått til innkjøp av mange ulike datasystem for å arbeide meir effektivt. Mange av desse oppfyller ikkje dei standardane dei må, i følgje arkivlova. Det kan gå bra heilt til datasystemet vert avslutta – t.d. når me kjøper nytt system, eller leverandør gjer større omleggingar. Då risikerer me at me ikkje lenger har tilgang til informasjonen som ligg i systema – medan me som kommune er pålagt å ta vare på opplysningane i mange år. Kommunane i Nordhordland jobbar no saman med IKAH om å få til felles innsynsløysing i digitale dokument i utgatte system. Dette må me etter lova, men det kjem til å koste. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet eller økonomiplanen no, fordi me enno ikkje veit noko om tidsplan eller økonomi.

Interkommunale samarbeid:

IKAH – Interkommunalt Arkiv Hordaland. Arkivlokala i Fedje kommune er ikkje eigna til langtidslagring for papirarkiv. Det er eit mål for arkivtenesta å levere mest mogleg av arkivmateriale til IKAH (Interkommunalt Arkiv Hordaland) som me er medeigarar i. Dei er vår felles arkivfaglege kompetanse, og langtidslagrar både papir og elektronisk arkiv for oss i tråd med nasjonale standardar. Samarbeidet kostar oss ca 180 000 kr i året, og utgiftene aukar for at Fedje kommune skal klare å halde lovkrava i arkivlova og etter GDPR (personvernforordninga).



Teneste 1205 IKT

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune er vertskommunen. Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein datahandsamaravtale mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune. Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland, og kommunen si lokale supportteneste. Rådmannen sit i styret for IKTNH og er der med på å leggje rammevilkåra.

Tenestemål 2022

- Levere trygge og gode løysningar til brukarane
- Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar

Tenestemål 2022-2025

- Utvikla tenestene vidare

Teneste 1802 Eldreråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og noko til eldredagen.

Teneste 2311 Ungdomsråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og kr 10 000,- til fri disposisjon for rådet.

Teneste 2331 Bedriftshelseteneste

Fedje kommune har avtale med den godkjente bedriftshelsetenesta Salutis for tenester til ca. 60 000 kr, resten kan nyttast til andre naudsynte tiltak. Det vert laga årleg plan for førebyggjande arbeid.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet

Her er det sett av kr 200 000,- til pendlartilskot for 2022. Det blei utbetalt tilsaman kr 212 705 i 2019 , kr 115 000,- i 2020 og kr 62 000,- så langt i 2021. Den lave utbetalinga i 2020 / 2021 skuldast truleg redusert pendling i samband med pandemien og er derfor noko ein bør leggje til grunn vil auke.

Teneste 3255 Reiseliv

Denne posten dekkar turistinformatjon, medlemskap i ulike reiselivssatsingar, annonsering samt domeneutgifter og liknande. Det er her lagt inn ein auke frå kr 65 000,- i 2021 til kr 70 000,- i 2022.

Teneste 3900 Den norske kyrkje

Her er det lagt ein auke frå kr 1 100 000,- i 2021 til kr 1 125 000,- i 2022 noko som om lag tilsvarar forventta prisvekst.

Teneste 3920 Tilskot til trus- og livssynssamfunn

Denne tenesta er overtatt av staten frå 01.01.2021, og går difor ut.

Tenestemål 2022:

Skape felles forståing for den kommunale kulturoppgåva mellom tilsette på kultur, organisasjonen for øvrig og med våre folkevalde. Mål: Felles mål/plan og energi gjennom samarbeid

Kulturlivet har vore prega av korona så langt i 2021. Det vert spanande å sjå om me framleis har alle lag og ildsjeler med, no når samfunnet opnar opp att. Fedje kommune har vanlegvis eit engasjert kulturliv med både private næringsinteresser, og frivillige lag og organisasjonar. Forventningane til kommunen sitt kulturengasjement er høge, i samband med koordinering og søking av midlar frå frivillige organisasjonar, lyd/lys/oppfølging av andre sine arrangement, museum og historielag, kulturminneplan, festivalar/kulturdagar, oppfølging av reiseliv, interkommunale fellesprosjekt på kultur som t.d. UKM, marknadsføring, kulturkalender mm. Det er ikkje mogleg å innfri desse forventningane med dei stillingsressursane me har no. Det er difor viktig at me skapar ei felles forståing mellom administrasjon og politikarar, samt innad i organisasjonen, om kva me skal nytte kulturressursane på framover. Økonomisk ligg me samla sett på same nivå som i 2021.

Teneste 3700 Bibliotek

Tenestemål 2022

- Følgje opp eksisterande prosjekt retta mot barn og unge
- Halde opent bibliotek heile året, trass vikarbehov

Tenestemål 2022-2025

- Vere møteplass for alle
- Fremje lesegleie til barn og unge
- Ha eit godt boktilbod

Me har 50% bibliotekssjef kombinert med 50% kultur/kommunikasjon/fellestenester. Bibliotekssjef melder etter eit år i jobben at det ikkje er mogleg å gjere biblioteksjobben i berre 50%, og at det inneber at det vert gjort mindre på anna kulturarbeid og t.d.

kommunikasjonsprosjekt/heimesider/marknadsføring. I 2022 er det naudsynt med vikar i denne stillinga heile året, og det er ei utfordring i ei stilling som krev samansett kompetanse og eigen drivkraft.



Den glade vinnar av Sommarles 2021

Teneste 3750 Museum

Fedje er med i eit regionalt museumssamarbeid: Kulturverntenesta i Nordhordland. Her kan innbyggjarar i Fedje kommune få museumsfagleg hjelp til t.d. å søkje om midlar til å ta vare på kulturminne.

Teneste 3812 Fleirbrukshall

Her vert kjøp av utstyr inne i hallen og leigeinntekter ført. Fleirbrukshallen vert styrt av eit eige styre. 2020 og 2021 har vore heilt spesielle år her, pga. koronastenging.

Bowlingen i hallen verkar ikkje lenger. Systemet er frå 2007, og det er truleg naudsynt med omfattande innkjøp og utskifting om me igjen skal ha ein fungerande bowlinghall. Det skal vere sett av nokre midlar til dette på investeringsbudsjettet, men det er svært usikkert kor mykje dette kan koste.

Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen har 40% stilling som rektor inkludert undervisning, samt nokre midlar til innleige av lærekrefter, samt ca 10% til tilsetjing lærar, etter kva lærekrefter som er tilgjengelege. Ved oppstart hausten 2021 har me 10 elevar i kulturskulen, ca. 5 elevar på venteliste (nokre til tilbod me ikkje har), samt undervisning av korpset. Sist skuleår vart det lyst etter lærekrefter til scene og kunsttilbod, men kulturskulerektor fekk ikkje inn eit einaste tilbod.



Korpsaspirantar

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg
Kulturmidlane ligg i 2022, som vanleg, på 110 000 kr.

Teneste 3854 Kulturell spaserstokk

Nokre tilskotsmidlar her til kulturopplevingar spesielt til eldre. I tillegg kjem det tilskot og billettinntekter, så ramma for bruk er vanlegvis ca 30 000, men ingen utgifter for kommunen. Samarbeid med sjukeheimen. Ikkje vore bruk i 2020/2021 pga korona.

Ansvar 2000 Levekår

Ansvar 2000 Levekår inneheldt dei ulike helse – og omsorgstenestene me har i Fedje kommune, og dei me kjøper frå andre kommunar. Helse- og omsorgssjef har ansvar for å leie arbeidet med å utvikle, fornye og styrke samarbeid- og fagansvar innanfor dei ulike einingane.

Teneste 2320 Førebygging – Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har som føremål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse, og førebyggja sjukdom og skade. Helsestasjonen er i ein unik posisjon til å komma i kontakt med born i alderen 0 - 5 år og deira føresette. Skulehelsetenesta er i god posisjon til å utgjevne sosiale helseskilnader ved å ha kontakt med alle elevar i skulen. Fedje kommune kjøper helsesjukepleiarteneste frå Austrheim kommune tilsvarande 40 %. I tillegg er helsesjukepleiar i prosjektstilling med midlar frå helsedirektoratet tilsvarande 20 %. Det er helsesjukepleiar på Fedje tre dagar i veka. Det er ikkje lagt inn større endringar i budsjettet for 2022.

Tenestemål for 2022

- Kontor/rom på skulen og slik vera meir tilgjengeleg og nærare elevane.
- Fremja tverrfagleg samarbeid for å betra og sikra god kvalitet på tenesta til born, unge og føresette.

Tenestemål for 2022-2025

- Kontor/rom til helsesjukepleiartenesta på skulen.
- Styrkje og utvikle helsestasjon og skulehelsetenesta.
- Godt og utviklande samarbeid på tvers av tenestene til beste for born, unge og føresette.

Teneste 2411 Fysioterapi

Fysioterapitenesta skal gje teneste til dei som oppheld seg i Fedje kommune. Fysioterapitenesta driv med både instituttverksemd og heimebesøk, har no delt ansvar for hjelpemiddelformidling med ergoterapeuten og gir teneste til sjukeheimen. I tillegg er fysioterapitenesta ein del av skulehelsetenesta og har ansvar for koordinerande eining i Fedje kommune.

Tenestemål for 2022

- Oppstart av kvardagsrehabilitering
- Ha ein oppdatert plan for habilitering og rehabilitering

Tenestemål for 2022-2025

- Kvardagsrehabilitering
- Vere oppdatert på nyaste forsking på dei pasientgruppene som til ei kvar tid får teneste frå fysioterapeuten.
- Ha ei velfungerande koordinerande eining

Teneste 2413 Ergoterapeut

Fedje kommune kjøper ergoterapiteneste i 25 % frå Austrheim kommune. Ergoterapeuten bidreg med kartlegging, tilrettelegging, opplæring, trening og hjelpemiddelformidling i bustad.

Ansvar 2100 Fedje skule



Ny balanseline på skuleplassen

Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. Skuleåret 2021/2022 er det ingen elevar ved vaksenopplæringa. Det har heller ikkje vore noko aktivitet knytt til DKS grunna Covid-situasjonen. Til saman har me no 16,4 årsverk knytt til skulen. I tillegg kjem 1,6 årsverk til reinhald av skule og symjehall.

Teneste 2020 Grunnskulen

Skuleåret 2021/22 har me seks aldersblanda elevgrupper i grunnskulen, med ein kontaktlærer i kvar gruppe. Den eine elevgruppa, med elevar frå 7. og 8. klasse, har me valt å ha to kontaktlærarar i. Dette grunna at skilnaden mellom barne- og ungdomstrinnet er stor, og ein treng då kontaktlærarar med ulik kompetanse. Det er mellom 5-12 elevar i kvar gruppe, og totalt er det 57 elevar ved skulen. Det er ein nedgang frå førre skuleår då elevtalet var 60 elevar.

Inndelinga gjer at me har ei stabil samansetning av gruppene, noko som gjev grunnlag for gode lærings- og klassemiljø. Denne inndelinga vil me gjerne ha framover for å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene. Om dei økonomiske rammene vert strammare vil ein måtte sjå på om ein må ha ei tredeling av elevgruppene der 1.-4. klasse, 5.-7. klasse og 8.-10. klasse går saman. Kvaliteten på undervisninga må vera høg og elevane har rett på eit godt læringsmiljø, også når dei økonomiske kåra blir utfordrande. Små klassar og tettare oppfølging av kvar enkelt elev er viktige for å oppretthalde ein god skule på Fedje. Vert aldersspranget for stort i elevgruppene vil ein ikkje klare å oppretthalde dei gode resultatane me har ved skulen no.

Overføringane frå staten til grunnskulen er sterkt knytt til elevtal i kommunane. Dette gjer at me er ekstra sårbare. Fråflytting og nedgang i elevtal gjer at me får mindre inntekter til å drive skule for, samstundes som krava til kompetanse hjå personalet vert høgare. Vert inntektene for låge vil me få vanskar med å kunne oppfylle kompetansekrava til dei som skal tilsetjast og undervise i grunnskulen.





Skulen har fått tilskot til to ulike utviklingsarbeid, det eine «inkluderande barnehage- og skulemiljø» er eit arbeid vi gjer saman med barnehagen. Los for ungdom, som er eit treårig prosjekt, skal vera med og hjelpe dei elevane som slit med å komme på skulen, og som dermed kan få vanskar med å gjennomføre grunnskule- og vidaregåande opplæring.

Sosiallærarstillinga, som i år er ei 10%-stilling, er ein del av dette, og vil verte vidareført neste skuleår. I tillegg til tilskot til vidareutdanning for lærarar, vil desse tiltaka gje skulen heilt nødvendige inntekter neste skuleår.

Me treng lærarar som kan undervise i fleire fag, og som har nok studiepoeng i engelsk, matematikk og norsk til å vera godkjent for å undervise i ungdomsskulen. Om talet på lærarar vert for lågt, vil det ikkje vera mogleg å oppfylle desse krava. Me må difor kunne tilby vidareutdanning til dei lærarane me ser at ønskjer å bli her. Målet vidare er auka kompetanse norsk for

ungdomstrinnet, og innafor spesialpedagogikk.

Kompetanseløftet innan spesialpedagogikk vert innført frå 2025. Gjennom Fensfjorden PPT si satsing på dette vil me kunne auka vår kompetanse innan spesialundervisning, men målet er og at me skal få ein lærar med vidareutdanning innan spesialundervisning. Spesialundervisninga ved Fedje skule er god. Me har gjort endringar som gjer at skulen ikkje lenger har eit overforbruk av timar til spesialundervisning, og ressursane vert nytta til styrking av heile elevgruppa.

Me har og fått til eit mykje betre systemisk arbeid rundt elevar med ulike utfordringar. Ressursteamet i kommunen, som er leia av rektor og styrar i barnehagen, jobbar systemretta med dette området. Dei som er med i ressursteamet er barnevernstenesta, PPT, skulehelsetenesta og ved behov kommunepsykolog. Andre fagpersonar kan verte kalla inn t.d. lege, fysioterapeut og liknande.

Opprettinga av Fensfjorden PPT, vidareutdanning innan spesialundervisning, ressursteam og utviklingsarbeida me held på med vil styrke barn og unge sine oppvekstvilkår i Fedje kommune. Nokre av tiltaka kostar meir, som Fensfjorden PPT, men me har og fått inn mykje eksterne midlar til dette arbeidet.

Etter rådmannen sitt syn må skulen spare inn noko. Det vil me måtte gjere ved å sjå på tal tilsette frå skulestart hausten 2022. For å kunne gje elevane den undervisninga dei har rett på, kan ein ikkje ha færre tilsette lærarar enn det me har no. Då behovet for assistentimar til dei lovpålagte tenestene me skal yte er noko mindre no enn tidlegare i skulen, vil ein måtte sjå på tal tilsette assistentar/fagarbeidarar i skulen. Dette er ikkje ønskjeleg for oss, då fagarbeidarane me har i skulen gjer ein svært viktig jobb med å ivareta elevane sitt psykososiale miljø, og å støtte dei i læring av fag. Dette må sjåast i samanheng med eit auka behov for tilsette i skulefritidsordninga grunna auka tal born som nyttar SFO.

Teneste 2150 skulefritidsordninga

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. I den nye rammeplanen til SFO heiter det at: «Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek».

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Det er fleire elevar som nyttar SFO dette skuleåret enn i fjor, med same bemanning som førre året. Brukarbetalinga vil difor i stor grad dekkje utgiftene til lønsutgiftene i 2022. Dersom det vert innført gratis SFO for 1.klasse vil det bilete endre seg noko.

Ein vil framleis sjå på organiseringa av SFO. Me er sårbare i høve det å få kvalifiserte vikarar inn ved sjukdom, og eit nærare samarbeid med barnehagen vil kunne gje ei gevinst både når det gjeld bemanning og økonomisk innsparing.



Valkamp 2021

Tenestemål i 2022

- Fagleg: Utvikle samanhengande årsplanar i alle fag frå 1-10.klasse, og ha fokus på tverrfaglege tema.
- Sosialt: Gjennom IBS utvikle evne og kunnskap til å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.
- Organisasjon: Byggje fagleg kompetanse i basisfaga og spesialpedagogikk, og oppretthalde og utvikle det tette samarbeidet med barnehagen.

Tenestemål 2022-2025

- Fedje skule skal halde fram meg å gje elevane ei likeverdig og tilpassa opplæring, sikra gjennom samanhengande årsplanar i alle fag.
- I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje.
- Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.

Interkommunale avtalar:

Ansvar for Pedagogisk-psykologisk teneste ligg og til skulen. Fensfjorden PPT er eit nyoppretta interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim kommune som vertskommune. PPT omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune.

Ansvar 2200 Fedje barnehage

Teneste 2010 Barnehage

Fedje barnehage er ein to avdelings barnehage med born i alderen 0-5 år. Delar av dagane er borna delt, og kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som avdelingsleiar. Som avdelingsleiarar skal dei leia det pedagogiske arbeidet og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt. Dei skal planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa. Kvar avdelingsleiar har krav på minimum 4 timar planleggingstid i veka.

Barnetalet i barnehagen har gått ned dei siste åra, men ser no ut til å halde seg stabilt. Grunna stor aldersforskjell i gruppene er det vurdert slik at borna framleis er delt i to avdelingar, men at avdelingane samarbeidar på tvers. Dette for å sikre at alle borna har varierte grupper, nokon å strekke seg etter og at små grupper blir litt større.



Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar, både ei bemanningsnorm og pedagognorm. Barnehageåret 2021/2022 gjekk barnetalet ned, og barnehagen hadde ei bemanningstilpassing. Dette var ei midlertidig løysing for barnehageåret.

Barnehagen følgjer krav frå stortinget, og vurderer bemanninga utifrå barnetalet for kvart barnehageår.

Når situasjonen med bemanninga er slik, er det dessverre utfordrande å finne rom til å ta inn lærling. Læretida består av opplæringstid og verdiskapingstid, der starten av læretida har mest opplæring, og på slutten er det mest verdiskaping. Lærlingar si verdiskapingstid går av dei ordinære stillingane i barnehage/skule i tråd med Hovudtariffavtalen, som både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane er forplikta av. Når me samstundes nedbemannar dei faste stillingane, er det krevjande å nytta ein del av stillingane til lærling. Det kan gje uheldig signal til dei tilsette, og vere praktisk vanskeleg å få til. Kommunestyret kan velgje å legge til ei rein lærlingstilling og budsjettere til den stillinga spesielt. Dette er det ikkje lagt inn i budsjettet for 2022.

Om kommunestyret ønskjer å gjere det, bør kommunestyret ta med i vurderinga at dei må binde seg til å auke lærestillinga i 2023 og 2024, ettersom verdiskapingsdelen veks. Kommunestyret bør også ta med i vurderinga korleis dei tilsette kan reagere på at ein kan utvide lærlingstillingane, men ikkje dei faste stillingane.

Med ei låg grunnbemanning er barnehagen sårbar ved fråvær. Når barnehagen hadde fleire tilsette kunne ein lettare flytte på personalet på tvers av avdelingar, og mykje av t.d. ferieavviklinga kunne ein få til utan å ta inn vikar.

Somaren 2017 vart det innført somaropen barnehage. Det vil sei at brukarane av barnehagen kunne sjølv velje når dei ville ta ut 3 veker av ferien sin, i perioden 15. juni – 15. august. Barnehagen har open heile somaren, uansett barnetal, og har alltid faste tilsette på jobb. Samstundes skal dei tilsette avvikle sin ferie. Sidan denne ordninga starta i 2017 har barnetalet gått ned, og grunnbemanninga har gått ned. For å

framleis klare å gjennomføre somaropen barnehage må tilsette starte sin ferie 15.juni, uavhengig om brukarane har gjort det same.

For somaren 2021 bestemte politikarane at barnehagen skulle halde stengd i tre veker, dei same vekene som SFO har stengd. Barnehagen klarte då å gjennomføre somaropen barnehage utan vikar, gjennom samarbeid med SFO. Barnehagen legg, i denne innstillinga, opp til at me held fram med somarstengd i 2022.



Dei tilsette har hatt fleire kompetansehevingar dei siste åra innan leik, språkstimulering, sosialisering og relasjonar. Barnehagen vil halde fram med den gode kompetansehevinga, men også lage rom for implementering av ny kunnskap og nye metodar. Langtidsprosjektet «inkluderande barnehage – og skulemiljø» vil halde fram også i 2022, i samarbeid med skulen.

Sandkasseleik

Tenestemål 2022

- Dei tilsette skal få meir kunnskap om arbeid med digitale verktøy som støttar borna sine uttryksformer, læring og utvikling.
- Barnehagen skal oppretthalde og utvikle det tette samarbeidet med skulen.
- Borna skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle born skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og heilhetleg språkutvikling.

Tenestemål 2022 – 2025

- Barnehagen skal utnytte heile uteområdet med inspirerande leikeområde til bornas frileik.
- Sikre at den gode kompetansehevinga blir oppretthaldt, og at ny kompetanse blir implementert i barnehagekvardagen.
- I tett samarbeid med skulen, skal barnehagen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkelsar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Teneste 2341 Rus og psykisk helse, dagaktivitetstilbod for heimebuande demente

Tenestemål 2022

- Tilbodet til Rus og psykisk helse og Dagaktivitetstilbod for heimebuande demente er godt kjende blant innbyggjarane.
- Brukarmedverknad er godt forankra i tenestetilbodet.
- Handlingsplan for Rus og psykisk helse vert ferdigstilt.

Tenestemål 2022-2025

- Fedje kommune gjer eit heilskapleg tilbod med oppfølging og rettleiing til personar med rusproblematikk og/eller psykiske utfordringar.
- Tenester innafor Rus og psykisk helse vert utvikla og utvida etter lovkrav og brukarane sine behov.
- Tilbodet skapar meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag med fysisk, psykisk og sosial aktivisering for den einskilde brukar og bidreg til at ein kan bu heime så lenge som mogleg og til avlastning for pårørande.

Óg dette året var prega av Covid-19. Men tilbodet innan Rus og psykisk helse har vore godt brukt av innbyggjarane. Det er forventat at drifta er normal igjen i 2022. Det vart jobba mykje for å synleggjere tenestetilbod i kommunen, både digitalt og analog for at fleire kan nytta seg av tilbodet. I 2021 har me tilsett ein ruskonsulent i prosjektstilling gjennom tilskotsmidlar. Stillinga vart brukt for å kartleggje behovet i kommunen og for å byggja opp rutinar, men óg for kompetanseheving av dei tilsette i kommunen og for informasjonsarbeid rundt ulike felt til våre innbyggjarar.

Psykologstillinga ligg under rus og psykisk helse. Me kjøper denne tenesta av Austrheim kommune og det er ein 20% stilling. Det er eit lågterskeltilbod til innbyggjarane i kommunen, gratis og ein treng ikkje tilvising frå lege.

Matombringning er eit førebuande tilbod og vert rapportert under teneste 2341. Utgifter på matombringning vert budsjettert og rekneskapsført under 2531 (sjukeheim) og det er ikkje mogleg å skilje kostnadar for matlaging på sjukeheimen og for matombringning. Det vil føre til eit avvik med at kostnadar vert ført under 253 – helsetenesta i institusjon, medan inntektene skal førast under 234 – helsetenesta utanfor institusjon.

Teneste 2343 Velferdsteknologi

Vestlandsprosjektet vert avslutta i 2021 og kommunane er sjølv ansvarleg for drift. Tida i prosjektet vart brukt til å etablere eit nettverk der kommunane kan hjelpe kvarandre. Velferdsteknologiske løysingar er implementert som del av tenestetilbodet. Me ser at tilbodet vart brukt meir enn før.

Teneste 2530, 2531, 2541 Administrasjon pleie og omsorg, sjukeheim, heimesjukepleie

Tenestemål 2022

- Det er oppnådd ein stabil personalsituasjon for å kunne yte gode tenester.
- Personalet har god kunnskap og verktøy til å handtere vald og trugslar om vald og bruk av tvang.

Tenestemål 2022-2025

- Tenestetilbodet er forsvarleg, synleg, brukarvenleg og tilpassa den enkelte sine behov.
- Personal i pleie og omsorg har god kompetanse og jobba med å vidareutvikla kunnskapen dei treng for å utføre ein god og forsvarleg jobb.

Sidan sjukeheimen og heimesjukepleie er ein kombinert teneste, vart budsjettet i lønsamheng splitta med 80-20 %. Personalet som går ut i heimesjukepleie skal rekneskapsførast på same måte for å få eit reellt inntrykk av kostnadar som høyrar til heimesjukepleie. Einaste kostnad som ikkje kan delast, er innkjøp av medisinsk forbruksmateriale som berre vert budsjettert og rekneskapsført under sjukeheimen, mens forbruket ligg både på sjukeheim og i heimesjukepleie.

Pleietyngda og – mengda er stigande på sjukeheimen, dei fleste har behov for døgnkontinuerleg hjelp og ofte enten 1 til 1 eller stadig aukande med 2 til 1-pleie. I heimesjukepleie er belegget svingande, men det er store forskjellar på pleiebehov og tyngde. Per i dag ingen venteliste for korttids- eller langtidsopphald, det var heller ingen tilfelle av overliggar frå sjukehuset i 2021. Me ser ei auke i behov for rullerande avlastning og dagopphald på sjukeheimen. Aktivitetstilbod har vorte utvikla dei seinare åra og me kan sjå stor gevinst for både bebuarar og heimesjukepleiebrukarar som óg nyttar tilbodet. Med den utviklinga vert óg behovet for ein aktivitør kvar dag aukande.

Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men sårbar. Hovudårsaka er sjukefråvær og rekruttering. Etter to år med avtagande sjukefråvær har 2021 vore svært prega av høgt fråvær og då særleg langtidssjukefråvær. Med låg grunnbemanning i bunnen og dårleg tilgong til vikarar har det vore eit krevjande år. Med det i bakhovudet og øyeblikkeleg hjelp-seng som ny teneste på sjukeheimen er grunnbemanninga auka igjen til fem på dag, tre på kveld og to på natt. Sidan me ikkje kjenner til forbruket til øyeblikkeleg hjelp-seng endå, er det vanskeleg å seie noko om bemanninga er bra nok. I tillegg vil det periodevis vere behov for auke i bemanning når det er svært krevjande brukarar på sjukeheimen. Dette må verte vurdert fortløpande. Etter sommaren har det óg vore ein del utskifte av fagpersonell og det har vist seg å vera svært vanskeleg å finne etterfølgjarar. Dersom desse stillingar ikkje vert bemanna, vil det ha konsekvensar for den daglege drifta. Dette må sjåast i samheng med at tilgong til vikarar har vore svært dårleg sidan sommaren og det er vanskeleg å ha nok folk til alle vakter. Målsetting framover bør vera å endre assistentstillingar til helsefaglege stillingar etter kvart som desse går av med pensjon. På den måten kan ein oppretthalde ein fagleg forsvarleg turnus til tross for manglande søkjarar.



To av våre glade medarbeidarar i Hjartebankjen

Nasjonale føringar med fokus på blant anna trivsel, brukarmedverknad, støtte til pårørande, kvalitetssikring- og forbetring, kvardagsrehabilitering, tidleg innsats og frivilligarbeid. Det er stort fokus på reforma «Leve heile livet» frå staten, som omfattar hovudsakeleg helse og omsorg, og andre områder som samfunn og planlegging. Det er krav om ein strategiplan for reforma i kommunen for fleire tilskotsordningar. Strategiplanen skal vise til korleis kommunen jobbar med dei ulike områda i reforma. Deriblant høyrar frivilligarbeid som bør systematiserast og utvidast, ei mogleg oppgåve for ergoterapeut. Frivilligarbeid kunne óg vera ein god hjelpemiddel til aukande einsemd og låg motivasjon.



Sykling krevjar ekstra energi

Teneste 2543 Teneste for psykisk utviklingshemning

Stabil tenesta. Dei tilsette held på med kompetanseheving i form av ABC-opplæring perm 2, eit kurs som er basert på eigenstudie og lokale samlingar. PU-tenesta er ei særleg ressurskrevjande teneste der me får rammetilskot frå staten ut ifrå timar brukt i tenesta. Tilskotsordninga gjeld for dei mellom 18 og 67 år. Her må ein sjå vidare på teneste når tilskot utgår.

Teneste 2542 Praktisk bistand

Stabil teneste. Per i dag er det 65 % stilling, fordelt på to personar. Timane som ikkje vert brukt i heimehjelp vert brukt til andre oppgåva ved sjukeheimen (til døme nedvask av rom, som er elles ein ekstra kostnad).

Ansvar 2500 Legetenester

Legetenesta vert omorganisert i kommunen frå 2022. Det er tilsett ein kommuneoverlege og to kommunelegar. Legane går i ei turnusordning som gjer at me til ei kvar tid har lege til stades på Fedje. Som ei følge at dette kan me no drifta eige ØHD-sengepost i kommunen. Med denne nye organiseringa har Fedje kommune no ei av dei beste fastlege- og legevaktordningane i Noreg. Tilbodet framover er meir føreseieleg, samt beredskap og tryggleik vil opplevast nærare for fastbuande og tilreisande.

Teneste 2330 Miljøretta helsevern

Her ligg budsjettet for fastlegepraksis og kommunelegetenesta i Fedje kommune. I dette ligg det lønn til legar, kontorsekretær og reinhald og utgifter til reise-, kurs og konferanseutgifter. Inntekter til kommunen ved refusjonar og eigenandelar frå HELFO for behandling av pasientar, samt sal av medisin er også innan denne posten.

Teneste 2410 Diagnose, behandling, rehabilitering

Utgiftene til drift av legevakt på Fedje er samla her. Godtgjersle til lege som er på vakt, kostnader for legevaktsentral og medisinsk forbruksmateriell er blandt utgiftene som vert ført her.

Tenestemål 2022

- Etablere ein god akuttberedskap
- God drift av ØHD- seng
- Betre det tverrfaglege samarbeidet

Tenestemål 2022 – 2025

- Vidareføre fastlege/legevaktordninga
- Inngå i tettare samarbeid med helseføretaket
- Etablere oss som ein føregangs kommune innan legetenester i små distriktskommunar

Ansvar 2600 Sosialtenester

Teneste 2810 Livsopphald

Fedje kommune er i eit vertskommunesamarbeid med NAV Fensfjorden. Dei siste åra har me høge utgifter til økonomisk sosialhjelp, men at det frå 2021 av ser ut til å gå noko ned. Utgiftene er styrt av retter og er eit sikkerhetsnett for menneskjer i økonomisk naud. Det vil difor alltid vere knytt uvisse til storleik av denne stønaden.

Teneste 2440 - 2510 – 2520 Barnevern

Fedje kommune kjøper barneverntenester frå Alver kommune. Denne ordninga vart vedtatt i kommunestyret i desember 2019. Barneverntenesta er lokalisert i Helsehuset i Knarvik. Grunnlaget for budsjettet er historiske tal, og kostand kan komme ved akutte hendingar me ikkje er budd på.

Teneste 2332 Edruskapsvern

Stillinga som jobbar med edruskapsvern er ført under 1203 fellestenester. Inntektene frå gebyr for skjenkeløyve vert ført her.

Skjenkekontrollen i Nordhordland er under revisjon. I dag er kontrollen organisert gjennom Alver kommune, og me betalar for bruk. Det har ikkje fungert godt nok i koronaperioden. Rådmennene har bestemt seg for å innhente anbod på tenesta. Me må rekne med vesentlege meirutgifter her. Me veit ikkje kor mykje, så det er ikkje lagt inn i budsjettet. Det kjem eige sak om dette til politisk behandling.

Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsordninga vert administrert gjennom NAV. Dei som treng ekstra hjelp for å kome inn i ordinært arbeidsliv kan søkje om dette. Vanskeleg å føresjå behov/bruk, avhengig av rettar. Dei siste tre åra har me ikkje hatt noko utgifter, derfor reduserer med beløpet til 100 000,- for året 2022.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområder : Administrasjon, Forsikring av alle kommunale bygg, Interne service-einingar, Bustadtilskot, Handsaming av planar, byggesak og oppmåling, Landbruk, Vegar, Veglys, Brann, Oljevern, Statleg oljeverndepot, Vatn, Kloakk, Slam, Renovasjon og Mink/Hjort.

Planleggar I 100% stilling. Teknisk sjef har 80% stilling.

Følgjande gebyr vert ikkje endra : Kloakk, slam og feiing. For renovasjon vert det ei mindre justering.

Vatn :

For bustad mellom 80 og 300 m², har gebyr for vatn eks. mva vore slik :

År	Gebyr eks mva	Endring frå året før
2022	4800	30 % auke
2021	3693	10 % auke
2020	3357	38% auke
2019	2425	15% reduksjon
2018	2853	15% reduksjon
2017	3357	10% reduksjon
2016	3730	
2015	3730	
2014	3730	
2013	3730	

Kommunen kan ikkje ha høgare inntekter frå gebyr for vatn enn at utgiftene vert dekket. Oveskot skal settast av på fond. Eige rekneskap som syner overskot eller underskot for drift av vassverket, er vedlegg til årsrekneskapen for kommunen kvart år.

Då rekneskapen for 2016 låg føre, hadde vi eit oppsamla overskot på 730.000,- kr. Gebyret for 2017 vart difor sett ned med 10%. Då 2017 var ferdig hadde likevel det oppsamla overskotet auka til 929.000,- kr. Gebyret vart sett ned på nytt både for 2018 og 2019.

Det har vore gjennomført fleire store vedlikehaldsoppgåver både i 2019, 2020 og 2021.

Ved starten av 2021 hadde vi eit oppsamla underskot på 790.000 kr.

I 2021 har vi montert nye membranar. Kostnaden vart 680.000 kr. Membranbyte vart sist gjort i 2014. Det går mot eit underskot i 2021 på 900.000 kr. Ved årsskiftet 2021/2022 vil vi difor ha eit samla underskot på 1,7 mill kr.

Rådmannen gjer framlegg om at underskotet vert dekket inn på 4 år eller 400.000 kr pr år. Vi må då auka gebyra tilsvarende. I tillegg må inntektene auke med minimum 150.000 kr pr år for å dekke årlege utgifter. Dette gjev ein auke i gebyra på 30 %. Det mest vanlege gebyret for vatn aukar då frå 3693 kr til 4800,- kr pr år.

Gebyra vert 28% høgare enn dei var i 2013. Konsumprisindeksen har i same periode auka med 21 %.


Følgjande arbeid er gjennomførte i 2021:

- nye filter er montert
- ei pumpe som pumper vatn frå vassverk til vasstårn, er fornya

- ei pumpe som lagar trykk på leidningsnett, er fornya.
- fire kummer er fornya

Eit tilfeldig utval av årsgebyr for vatn eks. mva i 2021, henta frå Kostra :

Osterøy	Øygarden	Fedje	Alver	Austevoll	Masfjorden	Austrheim	Samnanger
4640	3305	3693	3426	4495	4950	5131	7354



I perioden februar – mai nytta vi meir råvatn enn naudsynt i renseanlegget. Det var i tillegg ein tørr sumar.

Renovasjon:

Vi starta med flishogging i Flundrevågen i 2009. Ved handsaminga av budsjettet for 2013, gjorde kommunestyret vedtak om at abonnentane skulle betala for dette. Gebyret i Fedje kommune er difor 170 kr + mva høgare i Fedje kommune enn i dei andre kommunane i NGIR. For å dekkja kostnaden med flishogging, må gebyret auke til 200 kr + mva.

Byggesak og oppmåling :

Inntektene av gebyr for byggesak og oppmåling er i budsjettet for 2021 sett til 220'. Vi når denne summen i år. Same sum er sett opp for 2022.

Regulativet for byggesak og oppmåling vart ikkje endra frå 2018 til 2019. I 2020 auka gebyra med 8%. Ingen auke for 2021.

Framlegg om 10% auke i gebyra etter plan- og bygningslova for 2022. Ikkje auke i gebyr etter matrikkellova.

Bustadtilskot:

Ordninga vart innført i 1995 som ei utviding av ei eksisterande støtteordning. Dei som bygde utanfor kommunalt bustadfelt, fekk støtte fordi kommunen selde subsidierte tomter i bustadfelt. I 95 vart ordninga utvida slik at dei som overtok bustader som var over 40 år gamle, fekk tilskot. I 2020 vart det utbetalt 2 tilskot. I 2021 er det pr 14. oktober utbetalt eit tilskot.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2020, står det :

Bustadtilskot : Ordninga vert endra pga. budsjettsituasjonen slik at tilskot blir dekkja av fondsmidlar og ikkje som driftsutgift i budsjettet.

Dette vart ikkje endra av kommunestyret.

Brann:

I 2020 endra 110-sentralen fordelingsnøkkelen for utgiftene. Dette førte til at utgiftene auka frå 40' til 160' pr år.

Mink/Hjort:

Statens Naturoppsyn har dei tre siste åra gjort ein stor innsats for å utrydde minken på Fedje. For å støtte opp om arbeidet med å halda minken vekke, vart skotpremien auka frå 150 kr til 500,- kr frå 2020.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Ansvar 3100 har følgjande tenesteområder: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig (29 stk), fyrvoktarbustad, helikopterplass, bade plass og fotballbane.

Straum:

For 2022 er halve kWh-prisen bunden til 32,8 øre. Dette er som i 2021. I prognosen for 2021, var det nytta ein spotpris på 13 øre. Denne prisen gjeld halve forbruket. I prognosen for 2022, var det nytta ein spotpris på 86 øre.

Det er ikkje rekna med auke i nettleiga.

Kommunale utleigebustader:

Husleigeauken vert 1,34 %. Dette er i samsvar med konsumprisindeksen.

Kommunen har no 26 husvære for utleige. Dette er inklusiv den som sjukeheimen disponerer og eksklusiv to omsorgsbustader. Det er rekna med eit husleigetap tilsvarande leige for 4 bustader. Tidlegare år har vi rekna med tre. Pr 1/10-20 er 6 bustader utan leigetakar.

Pr 1/10-21 er det nytta kr 195' til vedlikehald. I 2020 vart det nytta 268' kr. I budsjettet for 2022 er det 200.000,- kr vedlikehald. Same sum i 2021.

Gamle-banken:

Inntektene på 40' kjem frå Soknerådet.

Fleirbrukshall:

I 2019 vart det nytta 656' kr til vedlikehald og service. I 2021 vart det nytta 120'. Pr 1/10-21 er det nytta 35' kr. For 2022 er det sett av same sum som i 2020 : 150' kr.

Tenestemål 2022

- Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatt kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta.
- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygga er eit mål for 2022. (Oppfylt i 2019 og 2020).

Ansvar Beredskap – som er felles for alle

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventat at kommunen driv målretta og førebyggjande arbeid for å unngå ulukker og uønska hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møte uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Kommunen sin ROS-analyse er eit godt hjelpemiddel for å sikra at det er dei mest kritiske og relevante situasjonane me øver på og førebur oss på.

I 2021 har me ikkje hatt øvingar, men pandemien har gjort at KKL har hatt mange møter. Det er eit krav at den kommunale kriseleiinga skal øvast minst anna kvart år. I tillegg ar kriseleiinga også fått praksis med å nytta kommunikasjonssystemet CIM. Korona-epidemien har gjeve oss ein del verdifull erfaring som me tek med vidare i beredskapsarbeidet.

Tenestemål 2022 – 2025

Gjennomføra kompetansehevande tiltak og øvingar for kriseleiinga

Ha gode og oppdaterte system og rutinar for øving og krisehandtering

Beredskapsplanar, ROS-analyser og andre relevante bereskapsdokument skal oppdaterast årleg.

Ansvar 4000 Finansiering

Samanlikna med budsjettet for 2021 aukar inntekter under finansiering med ca 3,1 %.

	Budsjett 2022	Busjett 2021
BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD	-40	-50
SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	-18 092	-19 625
STATLEG RAMMETILSKOT	-44 792	-41 803
RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)	-100	575
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	496	897
TOTALT	-62 528	-60 006

BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD – renteinntekter frå formidlingslån i Fedje kommune.

SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE og STATLEG RAMMETILSKOT – Ei omlegging i korleis me fører sjønnstilskot frå statsforvaltaren gjev oss lågare skatteinngong, men forholdsmessig høgare rammeoverføringar.

RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN) – Lågare utgifter til avdrag og renter samt auka utbytte gjev oss også eit betre nettoresultat for finansutgifter.

INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR – Sidan netto driftsresultat er svakar i budsjett for 2022, vert også overføringane til investering ca halvert i forhold til budsjett for 2021.

5. Økonomiplan 2022-2025

HOVEDOVERSIKTER DRIFT	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskudd	41 803	44 792	45 688	46 602	47 534
Skatt på inntekt og formue	17 425	15 892	16 210	16 534	16 865
Eiendomsskatt	2 200	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd frå staten	1 350	1 110	1 132	1 155	1 178
Overføringer og tilskudd frå andre	3 238	3 657	3 730	3 805	3 881
Brukerbetalingar	2 316	3 084	3 146	3 209	3 273
Salgs- og leieinntekter	6 911	7 449	7 598	7 750	7 905
Sum driftsinntekter	75 243	78 184	79 748	81 343	82 969
Lønnsutgifter	40 794	44 627	45 520	46 430	47 359
Sosiale utgifter	10 063	10 798	10 798	10 798	10 798
Kjøp av varer og tjenester	18 947	18 048	18 409	18 777	19 153
Overføringer og tilskudd til andre	3 597	3 725	3 800	3 875	3 953
Avskrivningar	3 886	3 859	3 936	4 015	4 095
Sum driftsutgifter	77 287	81 057	82 462	83 895	85 357
Brutto driftsresultat	-2 044	-2 873	-2 715	-2 553	-2 388
Renteinntekter	400	290	300	300	306
Utbytte	550	1 000	1 000	1 000	1 020
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	830	530	800	750	765
Avdrag på lån	1 445	1 300	1 500	1 530	1 561
Netto finansutgifter	-1 325	-540	-1 000	-980	-1 000
Motpost avskrivningar	3 886	3 859	3 936	4 015	4 095
Netto driftsresultat	517	446	222	482	708
	0,69 %	0,57 %	0,28 %	0,59 %	0,85 %
Overført til investeringsregnskapet	-897	-496	-272	-532	-758
Netto bundne fond	330	0	0	0	0
Netto disposisjonsfond	50	50	50	50	50
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-517	-446	-222	-482	-708
Fremført til inndeckning i senere år	0	0	0	0	0

<i>Bevilgningsoversikt - drift</i>	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskudd	41 803	44 792	45 688	46 602	47 534
Inntekts- og formueskatt	17 425	15 892	16 210	16 534	16 865
Eiendomsskatt	2 200	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre generelle driftsinntekter	1 350	1 110	1 132	1 155	1 178
Sum generelle driftsinntekter	62 778	63 994	65 274	66 579	67 911
Sum bevilninger drift, netto	60 936	63 008	64 268	65 554	66 865
Avskrivinger	3 886	3 859	3 936	4 015	4 095
Sum netto driftsutgifter	64 822	66 867	68 204	69 568	70 960
Brutto driftsresultat	-2 044	-2 873	-2 715	-2 553	-2 388
Renteinntekter	400	290	300	300	306
Utbytte	550	1 000	1 000	1 000	1 020
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	830	530	800	750	765
Avdrag på lån	1 445	1 300	1 500	1 530	1 561
Netto finansutgifter	-1 325	-540	-1 000	-980	-1 000
Motpost avskrivinger	3 886	3 859	3 936	4 015	4 095
Netto driftsresultat	517	446	222	482	708
Overføring til investering	-897	-496	-272	-532	-758
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	330	0	0	0	0
Netto disposisjonsfond	50	50	50	50	50
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-517	-446	-222	-482	-708
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

<i>Budsjettskjema 1B - drift</i>		Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1000	Rådmann	11 058	11 578	11 810	12 046	12 287
1100	Kulturtenester	1 480	1 633	1 666	1 699	1 733
2000	Levekår	2 086	2 014	2 054	2 095	2 137
2100	Fedje skule	12 905	13 107	13 369	13 637	13 909
2200	Fedje barnehage	3 318	3 470	3 539	3 610	3 682
2300	Pleie og omsorg	18 262	19 005	19 385	19 773	20 168
2500	Legetenester	5 206	5 347	5 454	5 563	5 674
2600	Sosialtenester	2 456	2 516	2 566	2 618	2 670
3000	Teknisk kontor	2 617	2 275	2 321	2 367	2 414
3100	Kommunale bygg og anlegg	5 434	5 922	6 040	6 161	6 284
3500	Avskrivingar	-3 886	-3 859	-3 936	-4 015	-4 095
TOTALT		60 936	63 008	64 268	65 554	66 865

<i>Bevilgningskjema - investering</i>	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Investeringer i varige driftsmidler	2120	4 950	2 100	1 350	1 250
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	240	210	250	250	250
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	255	310	300	200	200
Sum investseringsutgifter	2615	5470	2650	1800	1700
Kompensasjon for merverdiavgift	320	850	220	270	50
Tilskudd frå andre	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	350	0	350
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	130	220	200	150	150
Bruk av lån	1000	2 000	0	0	0
Sum investseringsinntekter	1450	3070	770	420	550
Videreutlån	0	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0	0
Nettoutgifter videreutlån	0	0			
Overføring frå drift	897	496	272	532	758
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investseringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	268	1 904	1 608	848	392
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	1165	2400	1880	1380	1150
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

<i>Budsjettskjema 2B - investering</i>		Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1200	Administrasjon	240	210	250	250	250
1205	IKT	0	0	0	0	0
2220	Skulelokaler	0	0	250	250	250
2330	Miljøretta helsevern	520	100	100	100	0
2541	Heimesjukepleie	0	0	0	0	0
2610	Institusjonslokale	500	1 200	0	1 000	0
2651	Kommunalt disponerte bustader	0	0	1 000	0	1 000
2830	Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad	255	310	300	200	200
3150	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	0	0	0	0	0
3200	Kommunal næringsverksemd	0	0	0	0	0
3320	Kommunale vegar	0	0	250	0	0
3350	Rekreasjon i tettstad	200	0	0	0	0
3530	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	700	700	0	0	0
3600	Naturforvaltning og friluftsliv	0	1 700	0	0	0
3812	Fleirbrukshall	0	250	0	0	0
3900	Den norske kyrkja	0	0	0	0	0
3930	Kirkegård	200	1 000	500	0	0
TOTALT		2 615	5 470	2 650	1 800	1 700